



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Sal 1. etg, Volda samfunnshus
Dato: 14.02.2019
Tid: 14:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	U
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	U
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne Lise Fredly	Hild Våge	AP
Milan Ilic	Uthman Suheil Rajeh Abu	AP



VOLDA KOMMUNE

	Harbid	
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H
Odd Martin Velsvik	Per Svein Krøvel	H
Inger Tove B. Simonnes	Henning Holsvik PS 1/19- 3/19 og Erlend Krumsvik PS 7/19	KRF
Jan Øystein Håvik Holsvik	Sølvi Dimmen	SP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Bodil Brautaset	Fagkonsulent Barnehage – OS 1/19
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef – PS 5/19
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar – PS 10/19 og PS 11/19

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/19	Skulekrinsar i nye Volda kommune
OS 1/19	"Voldaprojektet - psykisk helse hos barn i barnehagen" 2012-2018
PS 3/19	Skulekrinsar i nye Volda kommune
PS 4/19	Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum
PS 5/19	Økonomistyring 2019
PS 6/19	Aksjon for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus
PS 7/19	Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt
PS 8/19	Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
PS 9/19	Fritak frå eigedomsskatt i 2019 etter § 7
PS 10/19	Busetjing av flyktningar i 2019
PS 11/19	Utgreiing av å halde barnetrygd utanfor



VOLDA KOMMUNE

berekningsgrunnlaget for økonomisk sosialhjelp

PS 12/19	Sluttført prosjekt med sluttrapport, "Utbetring Botnavegen"	
PS 13/19	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2018	
PS 14/19	Val av nye varamedlemmer i kontrollutvalet	
PS 15/19	Fritak frå politiske verv - Uthman Abuharbid	
PS 16/19	Val i Tussa Kraft AS – 2019	
PS 17/19	Fritak frå verv som meddommar i Søre Sunnmøre tingrett - Bodil Flem	
PS 18/19	Orienteringssaker	
OS 2/19	Nedlegging av asylmottaket i Volda	
OS 3/19	Erlend Krumsvik representasjon kommunale verv	
OS 4/19	Odd Harald - representasjon kommunale verv	
OS 5/19	Ynskje om konkretisering av planlagt driftsreduksjon neste 4 år - eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum	
OS 6/19	Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2018 - Strategi 2019 Sunnmøre Regionråd Grunngjeve spørsmål – interpellasjon	
FO 1/19	Grunngjeve spørsmål - Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden i 2018	
PS 19/19	Delegerte saker frå avdelingane	
DS 1/19	Igangsettingsløyve Gbr 20/334	20/334
DS 2/19	Igangsettingsløyve - gbr 20/334	20/334
DS 3/19	Ferdigattest, einebustad Gbr 10/27	10/27
DS 4/19	Ferdigattest, garasje Gbr 80/8	80/ 8
DS 5/19	Igangsettingsløyve Gbr 19/35	19/35
DS 6/19	Mellombels bruksløyve Gbr 19/24	19/24
DS 7/19	Løyve til endring Gbr 17/237	17/237
DS 8/19	Løyve til tiltak, tilbygg gbr 161/5	161/5
DS 9/19	Løyve til tiltak, ombygging gbr 131/62	131/62
DS 10/19	Mellombels bruksløyve - gbr 18/403 - seksjon 60	18/403
DS 11/19	Ferdigattest, garasje gbr 10/26	10/26
DS 12/19	Løyve til tiltak, redskapshus Gbr 81/2	81 /2



VOLDA KOMMUNE

DS 13/19	Mellombels bruksløyve - gbr 18/403 - seksjon 59 og 64	18/403
DS 14/19	Ferdigattest, Garasje gbr 21/165	21/ 165
DS 15/19	Mellombels bruksløyve Gbr 12/59	12/59
DS 16/19	Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 15/7	15 /7
DS 17/19	Ferdigattest Gbr 19/503/17 Barnehage	19/503/11
DS 18/19	Ferdigattest, rehab. skorstein gbr 19/839	19/839
DS 19/19	Løyve til tiltak, ombygging Gbr 30/306	30 /306
DS 20/19	Rammeløyve, bustad og garasje Gbr 19/35	19/35
DS 21/19	Ferdigattest, ombygging gbr 20/561/0/7	20/561/0/7
DS 22/19	Ferdigattest, hytte Grøndalen Gbr 59/16	59/16
DS 23/19	Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/839	19/839
DS 24/19	Ferdigattest Gbr 20/450	20/450
DS 25/19	Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/316	19/ 316
DS 26/19	Ferdigattest Gbr 19/503/11 Driveklepphuset	19/503/11
DS 27/19	Ferdigattest, rehab. skorstein gbr 19/316	19/ 316
DS 28/19	Løyve til tiltak , støttemur, gbr 30/198	30/198
DS 29/19	Igangsettingsløyve Gbr 20/104	20/ 104

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innleiingsvis i møtet spelte Selma Bjørneset Bøe og Mathilde Nupen Aaflot ein melodi på keyboard, saman med lærar Alexander Minkov.

Val av settevaraordførar:

Ordførar Jørgen Amdam kom med framlegg om Gunnar Strøm (SV) som settevaraordørar.

Gunnar Strøm vart samrøystes valt som settevaraordførar.

Opprop:

Det var 27 røysteføre ved møtestart.

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 07.02.2019
Møtet vart annonsert i «Møre» den 09.02.2019.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Det var ingen merknadar til saklista.

Røysting sakliste:

Saklista vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

Dokument lagt ut på lesebretta møtedagen:

- Grunngeve spørsmål
- Vedlegg PS 4/19 Svar på spørsmål frå Arild Iversen – kino og kulturhus
- Vedlegg PS 7/19
 - Volda Campus Arena – finansieringsplan
 - Frå advokatfirmaet Øverbø Gjørtz – Merverdiavgift – Volda Campus Arena AS

PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå møte den 19.12.2018.

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 19.12.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 3/19 Skulekrinsar i nye Volda kommune

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 30.01.2019:

Tenesteutval for oppvekst og kultur innstiller til alternativ 4 til fellesnemnda.

Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i krinsen.

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes (SP) bad om at vedtaket frå Tenesteutvalet for oppvekst og kultur vert lagt ved saka ved oversending til Fellesnemnda.

Odd Harald Sundal (Uavhengig) kom med slikt framlegg:

Volda kommunestyre støttar seg til dei innkomne høringssvar frå Austeffjord-området, og tilrår alt. 4 som framtidig skulekrins i indre Volda kommune.

Dette for å best muleg legge til rette for ein føreseieleg kvardag for innbyggjarane i Austeffjorden.

Magnar Sunde (AP)kom med slikt framlegg:

I høyringa om skulekrinsar i nye Volda kommune, rår Volda kommunestyre til at Hornindal, Bjørke og Viddal vert ein skulekrins med Hornindal skule som nærskule for elevane i krinsen.

Grunngjevinga for at Austeffjord og Kalvatn ikkje bør flyttast ut av Stor-Øyra krins er den tilknytninga desse områda har mot Volda sentrum.

Magnar Sunde trekte framlegget sitt.

Arild Iversen (Krf) kom med slikt framlegg:

Kommunestyret i Volda går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert alternativ 4 valt, slik at elevar frå Austeffjord inkludert Nes skal høyre til Stor-Øyra krins. Elevar frå Bjørke, Viddal, Kalvatn og Hornindal skal høyre til Hornindal skulekrins.



VOLDA KOMMUNE

Odd Harald Sundal og Arild Iversen trekte sine framlegg.

Det vart pause under handsaming av saka på grunn av orientering frå Voldaprojektet og matpause.

Arild Iversen kom med slikt framlegg på vegne av KrF, SP og Odd Harald Sundal (Uavhengig): *Kommunestyret i Volda går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert krinsinndeling slik at elevar frå Austefjord inkludert Kalvatn skal høyre til Stor-Øyra krins. Elevar frå Bjørke, Viddal og Hornindal skal høyre til Hornindal skulekrins.*

Odd A. Folkestad (Frp) bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilråding frå formannskapet og framlegget frå KrF, SP og Odd Harald Sundal (Uavhengig).

Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster, medan framlegget frå KrF, SP og Odd Harald Sundal (Uavhengig) fekk 14 røyster.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom tilråding frå formannskapet og framlegget frå KrF, SP og Odd Harald Sundal (Uavhengig).

Formannskapet si tilråding fekk 11 røyster og fall, medan framlegget frå KrF, SP og Odd Harald Sundal (Uavhengig) fekk 16 røyster og vart vedteke.

Vedtak i Kommunestyret, fråsegn til Fellesnemnda - 14.02.2019:

Kommunestyret i Volda går inn for at det i samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommunar vert krinsinndeling slik at elevar frå Austefjord inkludert Kalvatn skal høyre til Stor-Øyra krins. Elevar frå Bjørke, Viddal og Hornindal skal høyre til Hornindal skulekrins.

Henning Holsvik (Krf) kom, og tok sete frå Inger Tove Simmenes (Krf) som var kalla inn som vara.

OS 1/19 "Voldaprojektet - psykisk helse hos barn i barnehagen" 2012-2018

Handsaming:

Fagkonsulent barnehage, Bodil Brautaset, orienterte om «Voldaprojektet – psykisk helse hos barn i barnehagen» saman med forskargruppa i Voldaprojektet, universitetslektor Anne Synnøve Brenne, professor May Britt Drugli, forskar og stipendiat Kenneth Stensen, senterleiar for Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU) Odd Sverre Westbye og styrar i Austefjord barnehage, Ann Iren Ulvestad.

PS 4/19 Vidare prosess med kino og kulturhus i Volda sentrum

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:



VOLDA KOMMUNE

1. *Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.*
2. *Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev moglegheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.*
3. *Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entreprisform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.*
4. *Med atterhald om ev uføresette forhold legg kommunestyret følgjande framdrift til grunn:*
 - *Oppstart av reguleringsprosess i mars 2019.*
 - *Vedtak om entreprisform innan 1. juni 2019.*
 - *Utlysing av konkurranse for samspel, eller arbeid med utarbeiding av grunnlag for utlysing av totalentreprise 3. kvartal 2019.*
 - *Utlysing av totalentreprise eller vidare arbeid med samspel 4. kvartal 2019.*
 - *Godkjenning av regulering 1. kvartal 2020*
 - *I løpet av 2019 og budsjett 2020 - Vedtak i kommunestyret for frigjering av økonomiske ressursar i samsvar med økonomiplanen.*
 - *Endeleg vedtak om oppstart 1. kvartal 2020.*
 - *Intensjon om byggjestart 2. kvartal 2020.*
 - *Tilsetting av dagleg leiar 3. kvartal 2020*
 - *Intensjon om ferdig kulturhus 4. kvartal 2021.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*

Handsaming:

Ettersende dokument på møtedagen:

- Svar på spørsmål frå Volda Krf, ved Arild Iversen, om kino og kulturhus.

Roald Espset (Frp) reiste spørsmål om gildskap, då han er sambuar med grunneigar, jf. Koml. §40, fvl. §6, 1.1 b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Roald Espset vart samrøystes kjent ugild. Det var 26 røysteføre under handsaming av saka.

Benedikte Holmberg (V) kom med slikt framlegg:

Volda Venstre ynskjer å fremje utsetjingsforslag i sak PS 4/19 med det som formal å få meir tid til utredning/skisseforslag av alternative kulturhusløysingar og tomte vurderingar.

Dette i samband med muleg nybygg av Volda ungdomsskule.

Røysting utsetjingsframlegg:



VOLDA KOMMUNE

Utsetjingsframlegget frå Benedikte Holmberg fekk 6 røyster og fall mot 20 røyster.

Anders Egil Straume (Krf) bad om punktvis røysting.

Ivar Otto Kristiansen (H) kom med slikt framlegg:

Tillegg pkt 1

Om ein i prosjekt gjennomgang oppdagar at det er meir kostnad og arealeffektivt å sanere heile eller delar av eksisterande bygg, skal dette takast inn i totalvurderingen.

Nytt pkt. 6

Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innen bærekraftige innovative bygg

Røysting (26 røystefore):

Det vart halde punktvis røysting:

Det vart røysta over punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet. Tilrådinga fekk 25 mot ei røyst og vart vedteke.

Det vart røysta over tillegget frå Ivar Otto Kristiansen. Tillegget vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 2 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 3 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 4 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet fekk 12 mot 14 stemmer og fall.

Det vart røysta over punkt 6 i tilrådinga. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over nytt punkt 6 frå Ivar Otto Kristiansen. Nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Kommunestyret sluttar seg til skisseprosjektet frå byggjenemnda, jfr rapport av 27.10.18. Kommunestyret vedtek å gå vidare med prosjektet innanfor kostnads- og arealrammene i skisseprosjektet.
Om ein i prosjekt gjennomgang oppdagar at det er meir kostnad og arealeffektivt å sanere heile eller delar av eksisterande bygg, skal dette takast inn i totalvurderingen.***
- 2. Administrasjonen vurderer bygselskontraktene si avtaletid og ev mogleheitene for å løyse ut grunn på eigedomane som det skal byggjast på.***
- 3. Byggjenemnda vert bedt om å utgreie prosjektet vidare med avklaring av entreprisform og klargjere for byggjesøknad og anbudsutlegging av bygg og***



VOLDA KOMMUNE

infrastruktur. Byggjenemnda knyter til seg relevante brukarinteresser og nødvendig ekstern kompetanse.

5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for bygging av kino og kulturhus i tilknytning til samfunnshuset i Volda sentrum. Det kan leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*
6. *Ein skal søke å nytte klimasatsmidlar i prosjektet ved samhandling med fagpersonell innen bærekraftige innovative bygg*

PS 5/19 Økonomistyring 2019

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

Handsaming:

Økonomisjef Kari Mette Sundgot og Rådmann Rune Sjurgard orienterte om saka.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

Kommunestyret syner til at det må frigjerast økonomisk handlingsrom over drifta til å dekkje kapitalutgiftene dersom investeringsprogrammet i økonomiplanen skal gjennomførast.

Kommunestyret er innstilt på å arbeide etter dei økonomiske køyrereglane skissert i saksutgreiinga.

PS 6/19 Aksjon for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til kommunestyret



VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret løyver kr. 100.000,- til aksjon ny DEXA-scanner ved Volda sjukehus. Dekning av ubundne driftsmidlar. Oppmoding til kommunene i sjustjerna samt Nordfjord regionråd om å gjere løyving til aksjonen.

Handsaming:

Ordførar Jørgen Amdam (AP) kom med slikt framlegg:

Kommunestyret løyver kr. 100.000,- til aksjon ny DEXA-scanner ved Volda sjukehus. Dekning av ubundne disposisjonsfond. Oppmoding til kommunene i sjustjerna samt Nordfjord regionråd om å gjere løyving til aksjonen.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet med endring frå Jørgen Amdam vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 14.02.2019:

Kommunestyret løyver kr. 100.000,- til aksjon ny DEXA-scanner ved Volda sjukehus. Dekning av ubundne disposisjonsfond. Oppmoding til kommunene i sjustjerna samt Nordfjord regionråd om å gjere løyving til aksjonen.

Åshild Vik fekk permisjon kl 19:25, det var 26 røysteføre.

PS 7/19 Volda Campus Arena - kommunal deltaking i prosjekt

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

- 1. Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjetttramme kr 175 300 000,- inkl. mva.***

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.***
 - b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.***
 - c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.***
 - d) Ein føreset at det vert inngått godkjend leigeavtale mellom VCA og Møre og Romsdal Fylkeskommune.***
- 2. Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.***

Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.

- 3. Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.***



VOLDA KOMMUNE

4. *Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.*
5. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.*
6. *Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.*
7. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.*
8. *Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lenge leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.*
9. *Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.*
10. *Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.*
11. *Det er ein føresetnad for kommunen sitt engasjement i prosjektet at Møre og Romsdal fylkeskommune går inn som leigetakar for all sin aktivitet knytta til kroppssøving for vidaregåande skuleelevar.*

Handsaming:

Ettersendte dokument på møtedagen:

- Volda Campus Arena – finansieringsplan
- Frå advokatfirmaet Øverbø Gjørtz – Merverdiavgift – Volda Campus Arena AS

Idar Flo (V) reiste spørsmål om gildskap. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Erlend Krumsvik (Uavhengig) reiste spørsmål om gildskap. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Idar Flo vart samrøystes kjent ugild.

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent ugild.



VOLDA KOMMUNE

Hjalmar Eiksund (V) tok sete for Idar Flo og Inger Tove Simmones (Krf) tok sete for Erlend Krumsvik.

Det var 26 røysteføre.

Volda Campus Arena ved Arild Bakke og Johnny Kragset orienterte og svarte på spørsmål om saka.

Rådmann Rune Sjurgard orienterte om saka.

Anders Egil Straume (Krf) bad om punktvis røysting, og fremmar å stryke punkt 1d og 11.

Odd A. Folkestad (Frp) bad om prøverøysting.

Prøverøysting:

Det vart prøverøysta over punkt 1 med bokstav a til c. Punkt 1 med bokstav a til c vart samrøystes vedteke i prøverøystinga.

Det vart prøverøysta over punkt 1d. Det var 18 røyster for å stryke punkt 1d i prøverøystinga.

Det vart røysta over punkt 2 til og med 10. Punkt 2 til og med 10 vart samrøystes vedteke i prøverøystinga.

Det var prøverøysta over punkt 11. Det var 18 røyster for å stryke punkt 11 i prøverøystinga.

Røysting (26 røysteføre):

Det vart røysta over punkt 1 med bokstav a til c og punkt 2-10. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta for å stryke punkt 1d og 11. Punkt 1d og 11 vart samrøystes strykt frå tilrådinga frå formannskapet.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Volda kommune stiller garanti for bygging av idrettshallen Volda Campus Arena i samsvar med vedlagt finansieringsplan med ei samla budsjetttramme kr 175 300 000,- inkl. mva.***

Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune garanti til Volda Campus Arena AS for eit lån pålydande kr 95 000 000,- + 10 %. Dette vil vere kommunen sitt maksimale garantiansvar. Garantien vert gitt på slike vilkår:

- a) Garantien er ein sjølvskyldnargaranti.***
- b) Garantien gjeld for inntil 40 år med tillegg av inntil 2 år.***
- c) Garantien skal avkortast i samsvar med nedbetaling av lånet.***



VOLDA KOMMUNE

2. *Volda kommune yter eit tilskot på kr 30 000 000,-. Av dette er kr 820 809,- allereie utbetalt.*
Resterande tilskot vert utbetalt mot framlagd dokumentasjon/utbetalingsplan knytt til prosjektgjennomføring.
3. *Volda kommune forskotterer innvilga tilskot av spelemidlar frå Kulturdepartementet med ei ramme på kr 27 800 000,-.*
4. *Volda kommune tek kostnaden med opparbeiding av teknisk anlegg og infrastruktur innanfor rammene i godkjend årsbudsjett 2019 for Volda kommune. Det vert lagt til grunn at det vert inngått avtale om bidragsdekning frå Statsbygg i samband med Mediabygget.*
5. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til gjennomføringsavtale med VCA AS, revidert 30.01.2019. Signering av denne avtalen gjerast av ordførar og VCA sin styreleiar etter ev. vedtak i Kommunestyret.*
6. *Kommunestyret godkjenner ei økonomisk ramme for leige av hall og parkeringsplassar på kr 3 800 000 eks mva pr år i 40 år. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne leigeavtalen. Slik godkjenning er ein føresetnad for oppstart av prosjektet.*
7. *Kommunestyret godkjenner vedlagte forslag til avtale/oversikt for fordeling av drift av uteanlegg, datert 28.01.2019.*
8. *Volda kommune stiller kommunal grunn/tomteareal vederlagsfritt til disposisjon så lenge leigeavtalen mellom VCA og VK gjeld.*
9. *Volda kommune set av interne ressursar med eigen prosjektleiar for oppfølging av kommunen sine forpliktingar i prosjektet, og for å best mogleg ivareta kommune sine interesser i forhold til kommunen si rolle omtala i pkt. 1-8.*
10. *Volda Campus Arena skal erstatte Voldahallen som vert stengt samtidig med opning av den nye hallen. I komande økonomiplan vert det innarbeidd riving av Voldahallen.*

Roald Espset (Frp) fekk permisjon kl 20:15. Det var 25 røysteføre.



PS 8/19 Rettleiar for leike- og aktivitetsområde

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til Kommunestyret

Kommunestyret tek dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

Kommunestyret tek dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

PS 9/19 Fritak frå eigedomsskatt i 2019 etter § 7

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

- 1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
- 3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

Handsaming:

Erlend Krumsvik (Uavhengig) bad om punktvis røysting.

Røysting (25 røysteføre):

Det vart røysta over punkt 1: Tilrådinga frå formannskapet fekk 24 røyster og vart vedteke. 1 røysta i mot.

Punkt 2: Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Punkt 3: Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

1. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
2. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.*
3. *Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.*

PS 10/19 Busetjing av flyktningar i 2019

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

1. *Volda kommunestyre er positiv til å busetje 21 flyktningar i 2019, derav inntil to einslege mindreårige over 15 år. Busetjing skal skje gjennom Volda læringssenter. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
2. *Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av statlege finansieringsordningar for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
3. *Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningararbeidet i kommunane.*
4. *Volda kommunestyre er innstilt på å oppretthalde det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat i integreringsarbeidet.*
5. *Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
6. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige ber kommunestyret om at det vert vurdert å prioritere busetjing av einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Volda-samfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Spesialrådgjevar Nina Kvalen og Rådmann Rune Sjurgard orienterte om saka.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Volda kommunestyre er positiv til å busetje 21 flyktningar i 2019, derav inntil to einslege mindreårige over 15 år. Busetjing skal skje gjennom Volda læringscenter. Familiesameiningar kjem i tillegg.*
- 2. Rådmannen disponerer plassane innafor busetjingsvedtaket ut i frå busetjingsbehov, kapasitet i tenestene og innafor ramma av statlege finansieringsordningar for busetjing og integrering av flyktningar og einslege mindreårige.*
- 3. Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktningarbeidet i kommunane.*
- 4. Volda kommunestyre er innstilt på å oppretthalde det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat i integreringsarbeidet.*
- 5. Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med busetjings- og integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
- 6. Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige ber kommunestyret om at det vert vurdert å prioritere busetjing av einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak til kommunen. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester i kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Volda-samfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

PS 11/19 Utgreiing av å halde barnetrygd utanfor berekningsgrunnlaget for økonomisk sosialhjelp

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret syner til at regjeringa har varsla at det vil kome ei nasjonal ordning for å halde barnetrygd utanfor sosialhjelp. Dette vil verte ei lovendring som skal utgreiast, og innretninga på dette er ikkje kjent. Kommunestyret finn det mest tenleg å avvente ei nasjonal ordning. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn det ikkje tenleg med ei*



VOLDA KOMMUNE

standardisering der barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp. Barnefamiliar sine økonomiske behov skal vurderast ut frå NAV si faglege vurdering og skjønnsutøving i kvar einskild sak.

- 2. Kommunestyret ber administrasjonen, i samarbeid med NAV Ørsta/Volda og Ørsta kommune, vurdere behov for å utarbeide felles lokale retningslinjer for korleis det sosialfaglege skjønnet skal vurderast ved utmåling av sosialhjelp til barnefamiliar og andre vanskelegstilte, for i størst mogleg grad å sikre lik praksis på tvers av kommunegrensar.*
- 3. Kommunestyret er uroa over høge og aukande utgiftene til sosialhjelp, og ber administrasjonen halde fram med tiltak for å redusere omfanget og auke arbeidsdeltakinga. Det er krevjande for den einskilde å vere avhengig av offentlege velferdsordningar til livsopphald, og krevjande for det offentlege å finansiere ordningane. Det er viktig å sikre berekraftige løysingar både på individ- og samfunnsnivå.*
- 4. Kommunestyret oppmodar om ei heilskapleg gjennomgang av arbeidet med førebygging av barnefattigdom i nye Volda kommune. I kampen mot aukande barnefattigdom må vi sjå på fleire tiltak samtidig, og målrette desse slik dei kjem barn og unge til gode. Ein må vurdere kva som verkar og ikkje verkar av tiltak. Det må arbeidast heilskapleg, systematisk og langsiktig for å betre levekåra for vanskelegstilte barnefamiliar.*
- 5. Den nye fleirtalsregjeringa har varsla ytterlegare opptrapping av barnetrygda, og dei vil sørge for at auken kjem barnefamiliar til gode som er avhengige av sosialhjelp og bustonad. Kommunestyret forventar at staten vil gjere ei heilskapleg utgreiing før dette vert sett i verk som også omhandlar korleis kommunane lokalt skal ivareta skjønnsmessige utøving for at tiltaka når dei som treng det mest. Kommunestyret oppmodar om at ein ved førebuinga til ei slik lovendring gjer nøye utgreiing av retningslinjer for å treffe formålet best mogleg og unngå utilsikta verknader.*
- 6. Dersom det gjennom lovendring vert innført ei ordning med å halde barnetrygda utanfor sosialhjelpa føreset kommunestyret at utgiftene vert fullt ut kompensert for kommunane.*

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes (SP) fremma på vegne av SP, SV og Erlend Krumsvik (Uavhengig) innlegget som Gunnar Strøm (SV) fremma i formannskapet 05.02.2019:

Barnetrygda vert halden utanfor og ikkje rekna som inntekt når barnefamiliar søker om sosialhjelp.

Inndekking: Disposisjonsfond.

Øyvind Festø (Mdg) kom med slikt framlegg:

Tilleggs punkt:

- *Saka oversendast rådmann for Nye Volda, med oppmoding om ei orientering om endringar i saka før budsjetthandsaminga 2020.*

Spesialrådgivevar Nina Kvalen svarte på spørsmål frå kommunestyret.



Røysting (25 røysteføre):

Det vart røysta over framlegget frå Rebecca Riise Bjerknes. Framlegget fekk 7 mot 18 røyster og fall.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Kommunestyret syner til at regjeringa har varsla at det vil kome ei nasjonal ordning for å halde barnetrygd utanfor sosialhjelp. Dette vil verte ei lovendring som skal utgreiast, og innretninga på dette er ikkje kjent. Kommunestyret finn det mest tenleg å avvente ei nasjonal ordning. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn det ikkje tenleg med ei standardisering der barnetrygda skal haldast utanfor berekninga av sosialhjelp. Barnefamiliar sine økonomiske behov skal vurderast ut frå NAV si faglege vurdering og skjønnsutøving i kvar einskild sak.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen, i samarbeid med NAV Ørsta/Volda og Ørsta kommune, vurdere behov for å utarbeide felles lokale retningslinjer for korleis det sosialfaglege skjønet skal vurderast ved utmåling av sosialhjelp til barnefamiliar og andre vanskelegstilte, for i størst mogleg grad å sikre lik praksis på tvers av kommunegrensar.*
- 3. Kommunestyret er uroa over høge og aukande utgiftene til sosialhjelp, og ber administrasjonen halde fram med tiltak for å redusere omfanget og auke arbeidsdeltakinga. Det er krevjande for den einskilde å vere avhengig av offentlege velferdsordningar til livsopphald, og krevjande for det offentlege å finansiere ordningane. Det er viktig å sikre berekraftige løysingar både på individ- og samfunnsnivå.*
- 4. Kommunestyret oppmodar om ei heilskapleg gjennomgang av arbeidet med førebygging av barnefattigdom i nye Volda kommune. I kampen mot aukande barnefattigdom må vi sjå på fleire tiltak samtidig, og målrette desse slik dei kjem barn og unge til gode. Ein må vurdere kva som verkar og ikkje verkar av tiltak. Det må arbeidast heilskapleg, systematisk og langsiktig for å betre levekåra for vanskelegstilte barnefamiliar.*
- 5. Den nye fleirtalsregjeringa har varsla ytterlegare opptrapping av barnetrygda, og dei vil sørge for at auken kjem barnefamiliar til gode som er avhengige av sosialhjelp og bustønad. Kommunestyret forventar at staten vil gjere ei heilskapleg utgreiing for dette vert sett i verk som også omhandlar korleis kommunane lokalt skal ivareta skjønnsmessige utøving for at tiltaka når dei som treng det mest. Kommunestyret oppmodar om at ein ved førebuinga til ei slik lovendring gjer nøye utgreiing av retningslinjer for å treffe formålet best mogleg og unngå utilsikta verknader.*



VOLDA KOMMUNE

- 6. Dersom det gjennom lovendring vert innført ei ordning med å halde barnetrygda utanfor sosialhjelpa føreset kommunestyret at utgiftene vert fullt ut kompensert for kommunane.**

● **Saka oversendast rådmann for Nye Volda, med oppmoding om ei orientering om endringar i saka før budsjetthandsaminga 2020.**

PS 12/19 Sluttført prosjekt med sluttrapport, "Utbetring Botnavegen"

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til Kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek sluttrapport i prosjekt «Utbetring Botnavegen» til vitande.*
- 2. Overskridingar i prosjektet vert finanisert av ubrukte lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule». Dette ved å flytte kr 3 280 000 mellom prosjekta.*

Handsaming:

Ordførar Jørgen Amdam gav administrasjonen og prosjektleiar Pål Are Vadstein gode ord for ein flott veg og godt utført prosjekt.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Kommunestyret tek sluttrapport i prosjekt «Utbetring Botnavegen» til vitande.*
- 2. Overskridingar i prosjektet vert finanisert av ubrukte lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule». Dette ved å flytte kr 3 280 000 mellom prosjekta.*

PS 13/19 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. 31.12.2018

Tilråding i formannskapet - 05.02.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2018 til vitende.

Handsaming:

Edvin Dale (Frp) bad om at det blir fjerna vedtak som ligg utanfor Volda kommune sitt ansvarsområde.

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

Kommunestyret tek rapport vedtaksoppfølging pr 31.12.2018 til vitende.



VOLDA KOMMUNE

PS 14/19 Val av nye varamedlemmer i kontrollutvalet

Tilråding i valnemnda - 14.02.2019 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til val av vararepresentantar i kontrollutvalet som har andre verv i kommunale utval. I følgje kommunelova § 77, 2. ledd har ikkje kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer høve til å representere fleire kommunale utval samstundes.

*Kommunestyret vedtek slik endring i representasjon i utval for varamedlemene Arne Ullaland, Eiliv Halkjelsvik, Alinde Bjørkedal og Elin Løvøy Wilhemsen:
Finn Arne Follestad, Jan Heltne, Inger Håvik og Inger Johanne Halkjelsvik*

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019

Kommunestyret syner til val av vararepresentantar i kontrollutvalet som har andre verv i kommunale utval. I følgje kommunelova § 77, 2. ledd har ikkje kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer høve til å representere fleire kommunale utval samstundes.

*Kommunestyret vedtek slik endring i representasjon i utval for varamedlemene Arne Ullaland, Eiliv Halkjelsvik, Alinde Bjørkedal og Elin Løvøy Wilhemsen:
Finn Arne Follestad, Jan Heltne, Inger Håvik og Inger Johanne Halkjelsvik*

PS 15/19 Fritak frå politiske verv - Uthman Abuharbid

Tilråding i valnemnda - 14.02.2019 til kommunestyret:

- 1. Uthman Abuharbid får fritak frå vervet som medlem i kommunestyret, tenesteutval for oppvekst og kultur, varamedlem i formannskapet og som varamedlem i valnemnda.*
- 2. Som nytt medlem i tenesteutval for oppvekst og kultur vert Anne Lise Fredly valt. Til å erstatte henne som vara i tenesteutval for oppvekst og kultur blir Anne Grethe Eiken valt.*
- 3. Som ny varamedlem i formannskapet vert Jan Henning Egset valt.*
- 4. Som ny varamedlem i valnemnda vert Jan Henning Egset valt.*

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

1. *Uthman Abuharbid får fritak frå vervet som medlem i kommunestyret, tenesteutval for oppvekst og kultur, varamedlem i formannskapet og som varamedlem i valnemnda.*
2. *Som nytt medlem i tenesteutval for oppvekst og kultur vert Anne Lise Fredly valt. Til å erstatte henne som vara i tenesteutval for oppvekst og kultur blir Anne Grethe Eiken valt.*
3. *Som ny varamedlem i formannskapet vert Jan Henning Egset valt.*
4. *Som ny varamedlem i valnemnda vert Jan Henning Egset valt.*

PS 16/19 Val i Tussa Kraft AS - 2019

Tilråding i valnemnda - 14.02.2019 til kommunestyret:

Volda kommunestyre nominerer følgjande styremedlemer til Tussa Kraft AS (ei kvinne og ein mann) Sindre Rotevatn og Hege Hamre for to år.

Handsaming:

Sindre Rotevatn (H) reiste spørsmål om gildskap. Han er styremedlem i Tussa Kraft AS, jf. kl. § 40 og fvl. § 6. 1.1, e. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om gildskap.

Røysting gildskap:

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjent ugild. Det var 24 røysteføre.

Gunnar Strøm (SV) fremma Ingrid Opedal som styremedlem i Tussa Kraft AS.

Sindre Kvangarsnes (Frp) var møteleiar i valnemnda og orienterte om at valnemnda hadde røysta over Inger Opedal under møtet i valnemnda før kommunestyret.

Ordførar presiserte at alle medlemmar i kommunestyret kan fremme alternative forslag.

Gunnar Strøm trakk framlegget sitt.

Røysting (24 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

Volda kommunestyre nominerer følgjande styremedlemer til Tussa Kraft AS (ei kvinne og ein mann) Sindre Rotevatn og Hege Hamre for to år.

Sindre Rotevatn tok sete. Det var 25 røysteføre.



VOLDA KOMMUNE

PS 17/19 Fritak frå verv som meddommar i Søre Sunnmøre tingrett - Bodil Flem

Tilråding i valnemnda - 14.02.2019 til kommunestyret.

- 1. Bodil Flem får varig fritak som meddommar i Søre Sunnmøre tingrett.*
- 2. Som ny meddommar i Søre Sunnmøre tingrett vert Grethe Jorunn Sætre valt.*

Handsaming:

Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 14.02.2019:

- 1. Bodil Flem får varig fritak som meddommar i Søre Sunnmøre tingrett.*
- 2. Som ny meddommar i Søre Sunnmøre tingrett vert Grethe Jorunn Sætre valt.*

PS 18/19 Orienteringssaker

Handsaming:

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

Røysting:

Kommunestyret tok orienteringssakene til vitende.

OS 2/19 Nedlegging av asylmottaket i Volda

OS 3/19 Erlend Krumsvik representasjon kommunale verv

OS 4/19 Odd Harald Sundal - representasjon kommunale verv

OS 5/19 Ynskje om konkretisering av planlagt driftsreduksjon neste 4 år - eventuell strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum

OS 6/19 Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2018 - Strategi 2019 Sunnmøre Regionråd

FO 1/19 Grunngjeve spørsmål - Overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden i 2018

Handsaming:

Arild Iversen, Volda Krf, reiste grunngjeve spørsmål til ordføraren om overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden. Ordføraren las opp svar til Arild Iversen, som takka for svaret.

Erlend Koppen (Krf) fekk permisjon 21:20. Det var 24 røysteføre.



VOLDA KOMMUNE

PS 19/19 Delegerte saker frå avdelingane

Handsaming:

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Røysting:

Kommunestyret tok dei delegerte saken til vitende.

Møte slutt 21:22.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
15.02.2019

Sunniva Utnes
Konsulent



VOLDA KOMMUNE

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 1/19 Igangsettingsløyve Gbr 20/334

DS 2/19 Igangsettingsløyve - gbr 20/334

DS 3/19 Ferdigattest, einebustad Gbr 10/27

DS 4/19 Ferdigattest, garasje Gbr 80/8

DS 5/19 Igangsettingsløyve Gbr 19/35

DS 6/19 Mellombels bruksløyve Gbr 19/24

DS 7/19 Løyve til endring Gbr 17/237

DS 8/19 Løyve til tiltak, tilbygg gbr 161/5

DS 9/19 Løyve til tiltak, ombygging gbr 131/62

DS 10/19 Mellombels bruksløyve - gbr 18/403 - seksjon 60

DS 11/19 Ferdigattest, garasje gbr 10/26

DS 12/19 Løyve til tiltak, redskapshus Gbr 81/2

DS 13/19 Mellombels bruksløyve - gbr 18/403 - seksjon 59 og 64

DS 14/19 Ferdigattest, Garasje gbr 21/165

DS 15/19 Mellombels bruksløyve Gbr 12/59

DS 16/19 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 15/7

DS 17/19 Ferdigattest Gbr 19/503/17 Barnehage

DS 18/19 Ferdigattest, rehab. skorstein gbr 19/839

DS 19/19 Løyve til tiltak, ombygging Gbr 30/306

DS 20/19 Rammeløyve, bustad og garasje Gbr 19/35

DS 21/19 Ferdigattest, ombygging gbr 20/561/0/7

DS 22/19 Ferdigattest, hytte Grøndalen Gbr 59/16

DS 23/19 Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/839

DS 24/19 Ferdigattest Gbr 20/450

DS 25/19 Løyve til tiltak, rehab. pipe Gbr 19/316



VOLDA KOMMUNE

DS 26/19 Ferdigattest Gbr 19/503/11 Driveklepphuset

DS 27/19 Ferdigattest, rehab. skorstein gbr 19/316

DS 28/19 Løyve til tiltak , støttemur, gbr 30/198

DS 29/19 Igangsettingsløyve Gbr 20/104